

## Aktuell

## Forteljinga om Rasmus Løland

– Å vere forteljar er ein profesjon i framgang, seier Anne Elisebeth Skogen, som i dag fortel om forfattaren Rasmus Løland 100 år etter at han døydde.

Det skjer i Asker, på eit seminar i samband med Stiftinga Rasmus Løland-markeringa denne veka. Stiftinga opna nyleg også ein nettstad for å presentere Løland. Barnebokforfattaren var frå Suldal, fødd på garden Løland på Sand i Ryfylke. I Suldal har det vore fleire markeringar tidlegare i år i høve Løland-jubileet. Dei siste åra budde Løland i Asker, der han var bonde og granne til Arne Garborg. Anne Elisebeth Skogen er frå Egersund, men bur no i Suldal der ho arbeider ved kunstskulen som dramalærer. Ho kallar seg også forteljar.

– Kva er det å vere forteljar?

– Det er ein kunst som grip meir og meir om seg, og det finst til og med utdanning i det på høgskulenivå som del av estetiske fag. Sjølv voks eg opp med forteljingar heime og brukte det seinare som lærar.

– Er forteljarane organiserte?

– Vi er med i Norsk Fortellerforum, og det byrjar å bli eit stort miljø. I samband med kulturbyen Stavanger i 2008 vart det søkt om løyve til eit senter i Sandnes. Der og i Stavanger blir det neste år arrangert eit symposium med forteljarar frå heile verda. Sjølv har eg opplevd møte med forteljarar i Marrakesh. Der dukka dei opp når det vart mørkt om kvelden, og tradisjonen lever, seier Anne Elisebeth Skogen.

Denne veka har ho vore i Oslo i eit anna ærend, for å fortelje saga om Torstein av Heimnes, som for 800 år sidan drog frå Ropeidhalvøya til Oslo, der han vart merkesmannen til Håkon Håkonsson i slaget mot hertug Skule i 1240. Saman med hardingfelespelaren Tove Solheim levandegjorde Anne Elisebeth saga om merkesmannen, i Ladegården i Gamlebyen i Oslo.

– Kva er emnet ditt i Asker?

– Den siste sommaren til Rasmus Løland, då han låg på tuberkuloseheimen i Grovuddalen. Eg har sjølv vore i Grovuddalen og gått opp spora etter han, seier Skogen. Løland-markeringa starta i Asker sist søndag, i går var det eit seminar med fokus på psykisk helse. På seminaret medverka også Rune Belsvik, som Anne Elisebeth Skogen har samarbeidd med før.

– Han fekk i si tid i oppdrag av Stiftinga Rasmus Løland å skrive eit stykke som elevane mine framførde på Dei nynorske festspela. 5. desember skal vi spele det på nytt i Stavanger.

– Når vart du oppteken av Løland?

– Då eg var lærar ved Sand skule i 1988, hadde femteklassingane Løland som tema. I det siste har eg pløgd den nye Løland-biografien til Ernst Berge Drange, som eg er gift med, og eg har også henta mykje stoff frå Hulda og Arne Garborg. Det er eit spennande materiale for ein forteljar, seier Anne Elisebeth Skogen.

roald@dagogtid.no



Anne Elisebeth Skogen er forteljar, i dag om Rasmus Løland. Foto: Esther Moe

## Stridig og hovmodig

– Sigrud Undset kjempa for dei store sakene, å berga jødane og å få USA med på sida til dei allierte, seier Undset-biografen Sigrun Slapgard.

## LITTERATUR

CECILIE N. SEINSS

cecilie@dagogtid.no

– Det som særleg pregar Sigrud Undset, er skaparvilje og kraft til å gjennomføra det ho har sett seg føre, seier Sigrun Slapgard. Ho har nyleg gjeve ut *Dikterdrøningen*, ein gigantisk biografi om Sigrud Undset. Det manglar ikkje biografiar om Undset. Tidlegare har både Gidske Anderson og Tordis Ørjasæter skrive om henne, Ørjasæter så seint som i 1993. Interesse for livet til Undset er stor. I sommar opna Bjerkebæk på Lillehammer for publikum. Folk kan sjå heimen til Undset frå 1919 til ho døydde i 1949. Trass i den store interessa for Undset kan ein få inntrykk av at lesinga av forfatterskapen hennar er dalande. Biografen vedgår at ho sjølv var ein av «syndarane», ein av dei som meinte at Undset slett ikkje er noko å lesa i dag.

– Undset er på eit vis parkert. Ho har ikkje fått klassikarstatusen som til dømes Hamsun har fått; likevel har eg inntrykk av at dei fleste meiner dei bør ha lese *Kristin Lavransdatter*. Dette handlar nok mykje om at ho var ei stridig, provoserande kvinne, noko som ikkje er eit pluss. Ho var både radikal og konservativ. Som formann i Forfattarforeininga delte ho rikeleg ut til dei som trong det. Sjølv var ho òg raus med å gje av eigne midlar. Ho såg dei som sleit. Ho var radikal i det sosiale engasjementet sitt, samstundes var ho konservativ og katolikk.

– Oppfatninga er vel at berre gamle damer les Undset i dag?

– På Bjerkebæk kjem svært mange gamle damer. Mange vert så røde at dei tek til tårer. Det er flott det, men det trengst eit friskare blick på Undset. Den gjengen har sett Undset på sokkel.

– Men kanskje ikkje på rett sokkel?

– Undset må ærast for at ho

tok ei intellektuell leiartrøye, ho tok samfunnsansvar og kjempa mot nazistane. Ser ein engasjementet hennar frå utlandet, ruver ho. Ho kjempa for dei store sakene, for å berga jødane og for å få USA med på sida til dei allierte, seier Sigrun Slapgard.

Ho legg mykje vekt på den internasjonale rolla Undset spela i krigsåra. Frå 1933 vart romanane til Undset bannlyste i Tyskland, og i 1940 flykta den mest kjende antinazisten i Noreg til USA. Der heldt ho fram arbeidet. Ho var sterkt engasjert i jødesaka, heldt føredrag, skreiv artiklar og heldt radiotalar. Særleg gjorde ho ein stor innsats i Emergency Committee for Saving the Jews.

## HOVMODIG

Slapgards framstilling av Undset er eit bilete fylt av motsetningar. Undset er motstandar av skilsmål og ser på familien som noko heilag. Likevel fell ho for den gifte målaren Anders Svarstad og vert seinare skild frå han. Undset hevdar hardnakka at kvinna sin plass er i heimen, ho kjempar mot kvinnesakskvinner og hevdar kvinner ikkje skal debattera, men er samstundes ei karrierekvinne midt i tidsklemma. Ho skriv, debatterer og tek seg av tre eigne born og tidvis tre steborn. Ho sette det å vera mor høgt, forakta dei som lét andre ta seg av eigne ungar, men sende sin eige son på pensjonatskule.

– Det verkar som om det er eit stort gap mellom den ho vil vera og den ho var?

– Ja, og ho var klar over det. Ho var medviten om at det ho meinte, var ideologisk rett og ikkje alltid noko ho sjølv var eit godt døme på. Det er lett å gløyma at ho dreiv Bjerkebæk åleine når ein ser kor streng, myndig og handlekraftig ho er. Ho måtte vera slik, ho hadde ikkje tid til å rota vekk dagane. Ho var nærast ein næringslivsleiar og var fullt klar over at ho kunne vera hov-

Sigrud Undset fotografert i 1940.

modig. Det forundrar meg alt ho får tid til. Ho kjøper ikkje skrivemaskin før i 1928. Fram til det skriv ho alt med den sirlege handskrifta si, eit enormt arbeid.

– Undset set det å vera mor høgt. Samstundes er ho ei svært streng, kald og refsande mor. Vil du seia at ho var mislukka som mor?

– Nei, noko av det vakraste er kjærleiken ho har til den psykisk utviklingshemma dotter si. Ei anna sak er at ho ikkje lukkast i tilhøvet sitt til den yngste sonen, Hans. Ho gjorde ein stor feil då ho sende sårbar Hans bort på skule; eg veit ikkje om ho nokon gong innsåg det. Tilhøvet hennar til Hans er noko av det mest tragiske i livet hennar.

– Undset følgde kunstnarkallet og skapartrongen, alt anna kom etter det?

– Ja, ho følgjer eigen vilje for kvar pris. Som ung var Undset ei staseleg kvinne. Ho drøymde om

– Eg er imponert over Sigrud Undsets vilje til å kjempa, å gje livet om det vart naudsynt, men eg toler ikkje tyskarhatet hennar.

Biograf Sigrun Slapgard

